

## **Referat frå foreldremøte 20. mars 2019.**

Vi starta først med samling i aulaen saman med 2. trinn. Der hadde spesialpedagog, Ingunn Kvalbein Gausland, 30 min med lese- og boktips. Presentasjonen hennar og tips om gode bøker er lagt ut på Motland skule si heimeside under 1. trinn. Les og bli inspirert!

1. trinn hadde litt felles informasjon før me delte oss og gjekk klassevis. Dette blei tatt opp felles:
  - Foreldra ønsker å ha ein felles sosial oppstart på hausten. Forslag som blei nevnt var grilling og leik ved Obrestad havn, ved Jærmuseet eller i Sveineskogen. Dei kjem tilbake til kva det blir.
  - Det er ønskjeleg at det går 4-5 personar frå kvart klasserom i 17. mai toget saman med 1. klasse. Elevane følgjer toget heilt til me er i Loen. Der kan dei hentast ved ved fana til 1. trinn. Meir informasjon om dette kjem når det nærmar seg.
  - Det blei bestemt at det blir oppretta ein felles klassekasse for trinnet. Denne følgjer elevane til og med 7. klasse. Det kjem informasjon om eit frivillig beløp som kan betalast inn på konto etterkvar. Lena Moi Bjorheim tek ansvar for denne kontoen.
  - Me har hatt ein god start på symjinga i Stampen. Me oppfordrer framleis til familiebading i Stampen. Hå kommune har også familiebading i Loen kvar mandag kl. 17.30-19.30. Der treng ein ikkje å bestille tid på førehand, men kjøper billetter i kiosken i Loen. Flott om dei fleste har vore innom bassenget i Loen før me starter med symjing i Loen i 2. klasse.

I klasseromma snakka me litt om status i rommet.

- Me har byrja med stillelesing kvar morgon. Det er ein god start på dagen og elevane får god lesetrening.
- Me er inne i ein periode med kartlegging i både lesing og rekning. Timeplanen kan bli litt endra pga det.
- Me gjennomfører trivselsundersøkingar på alle elevane.
- Utviklingssamtaler kjem etter påskan og når kartlegginga er unnagjort.